



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Kvinnherad kommune
Rådhuset
5470 ROSENDAL

Dykkar ref

Vår ref

15/2287-49

Dato

11. april 2017

Tilkopling for Kvinnherad til ny E39

Takk for ditt innspel til arbeidet med den statlege kommunedelplanen for E39 Stord-Os. Eit nytt ferjeleie på Stord har, som du peiker på, ikkje vore ein del av dette arbeidet. Høyringa av planen vart avslutta i vinter, og å endre planen no vil krevje nye utgreingar og høyringsrunder. Dette vil forsinke planarbeidet.

Etter at kommunedelplanen er vedteken, skal det utarbeidast reguleringsplanar for dei ulike delstrekningane som omfattas av kommunedelplanen. I den samanheng meiner eg at det òg vil vere naturleg å sjå nærare på tilkoplinga mot Kvinnherad.

Ansvar for drift av den aktuelle ferjestrekninga ligg hos Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen kan òg ta initiativ til eit planarbeid for å regulere eit nytt ferjeleie. Før departementet vurderer nærare om bruk av statleg plan kan vere aktuelt i denne saka, vil vi i fyrste omgang be fylkeskommunen om ei vurdering av dei regionale interessene i saka.

Med helsing

Jan Tore Sanner

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Stord kommune, Statens vegvesen Vegdirektoratet